



Saksframlegg

Søknad om finansiering av bøyer for å sikre bademiljø i Bryggeparken

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Søknad frå organisasjonen «Tak vare på kvarandre» om finansiering av bøyer for å sikre badande i Bryggeparken.

Vedlegg

- 1 Søknad om sikring av bademiljø ved Bryggeparken
- 2 Vedtekter friluftsmidlar

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har i fleire omgangar bygd ut badetrampolina i Bryggeparken, og lagt til rette for bading frå Prestegardsbrygga. Bryggeparken er svært mykje bruka, og trampolina er populær blant lokale og tilreisande. Badande i vatnet er lite foreinleg med eit aktivt båtliv, og ein har til tider opplevd farlege situasjonar i vatnet, samt at det har oppstått skader på trampolina som fylje av båtar som transporterar folk til trampolina. Organisasjonen «Tak vare på kvarandre» søker om finansiering av bøyer for å sikre badande i Bryggeparken, slik at sjansane for farlege situasjonar minimerast.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige, ved at Fyresdal skal vere ein god stad å bu og leve, samt at ein skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og friluftstilbod.

Organisasjonen «Tak vare på kvarandre» har i fleire år jobba målretta for å minimere risiko for ulykker mellom ana knytt til aktivitetar på vatnet. Etter opninga av Tretoppvegen og Sumarkafeen har ein sett ei stor auke i badande i Bryggeparken, særleg i samband med badetrampolina kommunen har lagt ut. Samstundes er det jamn båttrafikk knytt området kring Bryggeparken og Stykkjevika, og Fyresdal Kurs & Leirstad har hatt med seg båtar for vassport, vasskuterar m.m. Det har fram til no ikkje vore lagt ut bøyer eller ana markering av det ein ynskjer å sikre som badeområde. Dette har igjen gjort at båtar og vasskuterar har gått svært nære trampolina og farlege situasjonar har oppstått.

Organisasjonen har i brev til kommunen bede om at det blir gjort tiltak for å sperre av/markere området, på ein måte som er lett forståeleg for båttrafikken på vatnet. For å kome organisasjonen i møte vart det før sumaren kjøpt inn bøyer som er lett synlege, med refleks, og som kjennast igjen i Kystverkets merkeskildring.



«Forskrift om fartsgrenser på sjøen» §3 har fyljande ordlyd;

§3. Ferdsel ved badeplasser:

- Fartøy skal ikke gå med høyere fart enn 5 knop innenfor 50 meter fra steder hvor bading pågår eller fra merkebøyer som er utlagt ved offentlige badeplasser.
- Det er forbudt å ankre opp eller ferdes med motor- og seildrevne fartøy innenfor merkebøyer som er lagt ut ved offentlige badeplasser.

Sjølv om forskrifta har tydelege reglar knytt til badeplass, er det ikkje alle som er kjent med dette, og oppfølging frå lovgivar er og mangelfull. Ei tydeleg markering av badeområde vil gjere område tryggare for dei badande, redusere sjansen for ulykker, samt redusere skader båtane påfører trampolina når dei transporterer folk ut på trampolina.

Samla kostnad, inklusiv naudsynte skilt, beløper seg til kr. 19 352,40 ex mva. Fyresdal kommune har vore i dialog med Fyresdal Båtlag, som ynskjer å bidra med kr. 10 000,- for å imøtekome søknaden, på vilkår av at Fyresdal kommune dekker resterande beløp.

Jamfør §1 i vedlagte reglar for friluftsmidlane skal midlane «*nyttast til tiltak som kommer friluftslivet i tilknytning til Vråvatn, Nisser og Fyresvatn til gode. Midlar frå fondet bør fortrinnsvis nyttast til å rette opp dei skadeverknadene som kraftutbygginga har ført med seg. Tiltaka skal være natur- og miljøtilpassa og ikkje forringe naturkvalitetane i området*».

Det er vurdert at tiltaket kjem friluftslivet ved Fyresvatn til gode, det sikrar dei badande i Bryggeparken, og det skapar eit tryggare samspel mellom båtfolk og øvrige brukarar av Bryggeparken. Tiltaket har fått svært gode attendemeldingar frå båtfolk og publikum.

Konklusjon:

Sikring av dei badande ved Bryggeparken er eit godt og naudsynt tiltak, som til ein svært begrensa kostnad minimerer fare for ulykker, og skapar ein høgare trivsel for alle som nyttar området. Friluftsmidlane skal nyttast til tiltak som kjem friluftslivet ved Fyresvatn til gode, og det omsøkte tiltaket fell med det godt innanfor føremålet med bruk av fondet. Gjennom samfinanisering med Fyresdal Båtlag vert kostnaden som bærast av fondet liten.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr. 9 352,40 frå Friluftsmidlane for Nisser, Vråvatn og Fyresvatn til dekking av utgifter ifm sikring av bademiljøet ved Bryggeparken. Tiltaket samfinaniserast med Fyresdal Båtlag som bidreg med kr. 10 000,- til tiltaket. Fondet hadde ved nyttår ein saldo på kr. 332 000,-

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef